



Røsland - godt fornøgd med julesesongen so langt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Så langt må vi vera godt fornøgd med julesesongen, seier Vertshus-vert Røsland til uskedalen.no. Han peikar på at dei var relativt seint ute med marknadsføringa og at fleire firma og grupper allereie hadde bestilt andre stader då Vertshuset gjekk ut med tilbodet sitt.

Dei starta sesongen og hadde den fyrste julebuffeten for selskap og bedrifter for ei veke sidan. og då var det gledeleg nok 70 gjester frå lokale firma i huset på laurdagen. Og 40 let eg frista av familiebuffeten dagen etter. Denne fredagen var det 25 frå firma og grupper medan det i kveld (laurdag) er vanleg opning og dei ventar då rundt 50.

Også søndag er det grunn til å tru på bra besøk.

På søndagane fristar Vertshuset ikkje berre med buffeten, men også med peiskos, god musikk, gløgg og "juleverkstad" for dei små.

- Neste fredag kallar vi arrangementet for "veners vener" og held ope hus for alle opplysar Røsland. Dagen etter, altså laurdagen, held Vertshuset stengt for lukka selskap fordi det er feiring av ein bursdag der. Søndag 21. set dei truleg punktum med vanleg julebuffet.

I motsetnad til andre har Vertshuset ikkje opplevd at nokre firma har avbestilt på grunn av finanskrisa.

Røsland er ikkje sikker på at det verkeleg blir punktum 21. desember.

Det er enno ikkje bestemt at det ikkje blir opning i sjølve jula.

– Opning eller ikkje vil avhenga av kor motiverte vi er etter desse vekene, seier han.

Men sjølve førjulssesongen reknar han altså ikkje med vil kosta meir enn han smakar og angrar slett ikkje på denne satsinga.

Du finn meir opplysningar om Vertshuset sitt juleprogram under ARRANGEMENT.

Av Ola Matti Mathisen



Vetshuset har som målsetting å bidra til den rette julestemninga...(Foto: Ola Matti Mathisen)